



Meland kommune

Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

03.01.2019

Søknad om godkjenning av endring for tilskot til verna kulturminne i Meland kommune

Viser til telefon- og epostkorrespondanse med Elizabeth Warren i desember 2018.

Meland kommune har motteke søknad om å utsetje vøling av eit av prosjekta som vart tildelt tilskot for verna kulturminne i 2018. I retningslinjene for tilskotet står det at "*Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering, samt bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet*", må liggja føre før tilskotet kan utbetalast. Desse pengane er difor ikkje utbetalt. Meland kommune ynskjer å utbetale tilskotet når prosjektet er gjennomført og tilfredsstillande rekneskap er motteke. Kommunen søkjer difor med dette om utsetjing av utbetaling og rapportering for det aktuelle prosjektet.

Eit anna prosjekt som vart tildelt kr 40 000,- har grunna god økonomisk styring heldt seg under det dei budsjetterte med. Meland kommune søkjer difor fylkeskommunen om å få nytte dei resterande midlane til dei to andre prosjekta som vart tildelt stønad i 2018, då begge prosjekta treng meir stønad for å fullføre arbeidet.

Med venleg helsing

Sigrid Fivelstad
Kulturkonsulent

Vedlegg:

Førebels rapport for tilskot til verna kulturminne i Hordaland.